



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Diana Eidem, 5557 2162

Brev sendt per e-post til: postmottak@lindas.kommune.no

Etterlyser avfallsplan for hamner som tiltak mot marin forsoepling - varsel om tvangsmulkt

Alle hamner må ha godkjent avfallsplan som viser korleis avfall frå skip som legg til kai blir handtert.

Fylkesmannen har ikkje fått avfallsplan for hamner i Lindås kommune.

Kommunen må levere avfallsplan så snart som mogleg og seinast innan 1. mai 2019.

Vi ber om oversikt over hamnene i Lindås kommune innan 1. mai 2019.

Vi varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt dersom avfallsplanen for kommunens hamner ikkje blir levert.

Vi viser til tidligere brev der vi etterlyser oversikt over alle hamner i kommunen og avfallsplan for hamner.

Avfall frå båtar er kjelde til marin forsoepling

Forsøpling til havs er eit aukande nasjonalt og internasjonalt problem. Avfallet kjem frå fleire kjelder, men avfall frå skip og båtar står globalt for omtrent 20 prosent av den marine forsoeplinga. Som eit tiltak for å redusere marin forsoepling, er det viktig at båtar leverer avfallet sitt på land og at hamner har tilstrekkeleg mottaksordning for avfall frå båtar som legg til kai.

Avfallsplan for hamner er eit verktøy for å redusere marin forsoepling

Krava til avfallsplanar står i forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle hamner i Noreg fekk krav om å sende avfallsplan til fylkesmannen for godkjenning innan 1. juli 2014, jf. forureiningsforskrifta § 20-6. I tillegg til å lage avfallsplan for hamner kommunen driv eller eig, skal kystkommunar lage felles avfallsplan for hamner som i hovudsak tar imot avfall frå fritidsbåtar (småbåthamner). Planen for småbåthamnene skal lagast i



Samråd med hamneansvarleg for småbåthamnene (driftsansvarleg eller grunneigar). Mottaksordningar for avfallet skal etablerast og drivast i tråd med plan.

Rettleiing

Miljødirektoratet har laga rettleiing og malar, sjå Miljokommune.no.

- Rettleiing til utarbeiding av avfallsplanar i hamner
- Mal for felles avfallsplan for småbåthamner
- Oversikt over hamner i kommunen

Avfallsplan for hamner i Lindås kommune må sendast til Fylkesmannen snarast

Lindås kommune har ikkje sendt inn avfallsplan for hamner. Lindås kommune har plikt til å snarast, og seinast innan **1. mai 2019**, sende inn avfallsplan for småbåthamner i kommunen og dei hamnene der kommune er hamneansvarleg, jf. forureiningsforskrifta § 20-6.

Varsel om tvangsmulkt

Fylkesmannen varslar at vi vil vedta tvangsmulkt dersom vi ikkje får tilsendt avfallsplan for dei hamnene der kommunen er hamneansvarleg innan **1. mai 2019**, jf. forureiningslova § 73. Dersom avfallsplanen ikkje blir sendt innan fristen vil kommunen få eit nytt brev med vedtak om tvangsmulkt. Vedtaket vil føre til at ei tvangsmulkt vil bli kravd inn dersom vi ikkje har mottatt avfallsplan 4 veker etter at tvangsmulkta vart vedtatt.

Tvangsmulkta vil vere ei eingongsmulkt på 20 000 kr.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at de har motteke dette brevet.

Fylkesmannen har ikkje mottatt hamneoversikt

Kommunen har ikkje sendt inn oversikt over alle hamnene i kommunen. Dette er pålagt i § 20-6 i forureiningsforskrifta, og er eit viktig grunnlag for Fylkesmannens oppfølging av hamner som skal lage eigen plan. Vi ber om at kommunen så snart som mogleg og seinast innan **1. mai 2019** sender oversikt over alle hamner i kommunen.

Ber om stadfesting på motteke brev innan to veker

Vi ber om stadfesting på at de har motteke brevet innan to veker, gjerne inkludert informasjon om kontaktperson i kommunen.

Har de spørsmål?

Ta gjerne kontakt på fmvlpost@fylkesmannen.no og merk e-posten med ref. 2019/4993 viss de har spørsmål knytt til krav om avfallsplan.

Med helsing

Eric Backer-Røed
senioringeniør

Diana Eidem
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent